



**FYLKESMANNEN I ROGALAND
UTDANNINGSAVDELINGA**

TILSYN MED GJESDAL KOMMUNE

TIDSPUNKT: 12. november 2008 Vår ref: 08/8428

KOMMUNEN SI ADRESSE: Gjesdal kommune, Rettedalen 1, 4330 Ålgård

KOMMUNENUMMER: 1122

TILSYNSGRUPPE: Liv Svendal, Hanne Sørli Ronæss

**KONTAKTPERSON
I KOMMUNEN:** Barnehagesjef Ingunn Konstali

Heimel for tilsynet

Heimelen for Fylkesmannen sitt tilsyn er barnehagelova § 9, andre ledd:
Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunen utfører de oppgaver den som barnehagemyndighet er pålagt etter denne lov.

Tema for tilsynet

Tema for tilsynet var kommunen som lokal barnehagemyndighet, og med fokus på desse områda:

- Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16,
- Kommunen som godkjenningssmyndighet, jf. barnehagelova § 10

Fylkesmannen avdekte følgjande avvik under tilsynet

Avvik 1

Gjesdal kommune fattar ikkje vedtak om godkjenning av barnehagar etter reglane i barnehagelova.

Avvik 2

Gjesdal kommune sitt tilsyn med barnehagane oppfyller ikkje barnehagelova sine krav.

Fylkesmannen har ikkje avdekket forhold som gir grunnlag for merknader.

Stavanger, 5. desember 2008

Liv Svendal
seniorrådgivar/tilsynsleiar

Hanne Sørli Ronæss
rådgivar

Innhold

1. Innleiing
2. Dokumentunderlag
3. Avvik
4. Merknad
5. Gjennomføring
6. Oppfølging

Vedlegg

Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn

Vedlegg 2: Oversyn over personane frå kommunen som var direkte involverte i tilsynet

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Gjesdal kommune 12. november 2008. Tilsynet er eit ledd i Fylkesmannen sitt tilsyn med kommunen som barnehagemynde. Tilsynet er utført som systemrevisjon og er retta mot kommunen som barnehagemynde for offentlege og private barnehagar.

Tilsynet fokuserer på om kommunen oppfyller visse lovkrav innanfor oppgitt emne, sjå ”Tema for tilsynet”, og rapporten viser avvik og merknader som blei funne under tilsynet. Rapporten gir såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av kommunen som barnehagemynde.

Formålet med tilsynet var å vurdere kva Gjesdal kommune som barnehagemynde gjør for å ivareta ansvar og plikter som er fastsette i regelverket. Tilsynet omfattar kommunen sine rutinar og system for å ivareta lovkrav, ikkje personrelaterte forhold. Tilsynet omfattar mellom anna undersøkingar om:

- aktivitetar blei utførte som dokumentert og uttalt
- kommunen driv verksemda si innanfor eigne rammer og dei rammene styresmaktene har sett

Tilsynet vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen og ved verifikasjon av om reglar og rutinar blir følgde opp i praksis. Eventuelle funn ved tilsynet blir formulerte som avvik og/eller merknader.

AVVIK: blir definert som mangel på oppfyljing av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.

MERKNAD: gjeld forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som tilsynet meiner det er nødvendig å påpeike slik at kommunen kan betre forholda.

2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for tilsynet var:

- Lov om barnehagar
- Forskrift til barnehagelova
- Dokumentasjon frå kommunen (vedlegg 1)

3. Avvik

Avvik 1

Gjesdal kommune fattar ikkje vedtak om godkjenning av barnehagar etter reglane i barnehagelova.

Avvik frå

Barnehagelova § 10, jf. forvaltningslova § 17 og kap. 5.

Lovkommentar

Kommunen avgjer i medhald av § 10 i barnehagelova søknad om godkjenning av barnehagar etter ei vurdering av om barnehagen er eigna i forhold til lova sine reglar om føremål og innhald. Kommunen skal gjere ei konkret vurdering av dei fysiske rammene, dvs. om lokale og uteområde, er eigna for barnehagedrift. Kommunen skal fastsetje leike- og opphaldsarealet inne, gi ei vurdering av om bemanninga er forsvarleg i høve til pedagognorma, kontrollere vedtektene og klargjere eventuelle vilkår stilte av andre instansar.

Kommunen si godkjenning av barnehagar etter barnehagelova er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova og skal vere skriftleg og grunngitt.

Avviket er basert på følgjande observasjonar

Kommunen sine vedtak om godkjenning er berre synlege i Kunnskapsdepartementet sitt skjema Godkjenning av barnehage, F-4198. Kommunen sine vurderingar omkring korleis barnehagen er eigna kjem ikkje fram i dokumentasjonen. Intervjua stadfestar at slike vurderingar ikkje er dokumenterte skriftleg.

Avvik 2

Gjesdal kommune sitt tilsyn med barnehagane oppfyller ikkje barnehagelova sine krav.

Avvik frå

Barnehagelova § 16.

Lovkommentar

Kommunen som barnehagemynde skal føre tilsyn med den enkelte barnehage. Kommunen skal gjennom si tilsynsverksemd sjå til og sikre at barnehagane i kommunen driv i samsvar med gjeldande regelverk og elles er forsvarlege. Tilsynet etter barnehagelova skal omfatte alle krav stilt i lov og forskrifter. Tilsynsansvaret omfattar også tilsyn med innhald og kvalitet i barnehagen. Samfunnsmandatet til barnehagen er gitt i Rammeplanen, som er ein reiskap for barnehagen sine tilsette og eit grunnlag for kommunen sitt tilsyn med verksemda.

Kunnskapsdepartementet sin rettleiar "Tilsyn med barnehagar" viser til at kommunen sitt tilsynsansvar er ei omfattande oppgåve som gjer det nødvendig å ha ein plan med omtale av kva tilsynet omfattar og kor ofte det skal utøvast. Kommunen si organisering av tilsynet må sikre reell likebehandling av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar.

Som barnehagemynde skal kommunen også kontrollere at opplysningar gitt av eigar om talet på barn, barna sin alder og opphaldstider, stemmer overens med dei faktiske forhold og med godkjenninga. (Barnehagelova §§ 8, 10 og 16.)

Avviket er basert på følgjande observasjonar

Den tilsende *Tilsynsplanen for tenesteområde barnehage* inneheld tilsynsrutinar i forhold til enkelte av barnehageloven sine reglar. Dokumentasjonen viser at planen er under utarbeiding. Den gir såleis ikkje eit fullstendig oversyn over korleis kommunen vil ivareta tilsynsansvaret sitt på dei øvrige områda.

Intervjua stadfestar at kommunen ikkje har gjennomført tilsynsbesøk som planen viser, og at tilsynsplanen ikkje er fullstendig.

I intervjua kjem det fram at det er etablert rutinar for rapportering og jamlege møte mellom kommunen og dei kommunale barnehagane. Tilsvarande rutinar er ikkje etablerte i forhold til den private barnehagen.

Kommunen har ikkje gjennomført tilsyn med den private barnehagen som opna i 2002.

Det er avdekt gjennom dokumentasjon og intervju at kommunen ikkje fører kontroll med om årsmeldingsskjema er i samsvar med barnehagen si godkjenning (fastsett leike- og opphaldsareal).

4. Merknad

Fylkesmannen har ikkje avdekka forhold som gir grunnlag for merknader.

5. Gjennomføring

Tilsynet vart gjennomført på følgjande måte:

Varsel sendt ut:	16.09.08
Opningsmøte:	12.11.08
Intervju:	12.11.08
Sluttmøte:	25.11.08

I vedlegg 2 er det gitt oversyn over deltakarane i tilsynet.

6. Oppfølging

Fylkesmannen ber om tilbakemelding frå Gjesdal kommune om korleis avviket i rapporten er følgt opp innan 2. februar 2009.

Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn

Materiale tilsendt frå Gjesdal kommune:

1. Organisasjonskart for kommunen og for tenesteområde barnehage
Delegeringsreglement for kommunen og tenesteområde barnehage
2. Forventningsavklaringar frå politikarar til administrasjon og omvendt
3. Gjesdal kommune sin plan for tilsyn
4. 2 eksemplar på tilsynsbesøk
5. Godkjenning av barnehagane som deltek i tilsynet
6. Kommunen sin Strategiplan for tenesteområde barnehage
7. Strategiplanar for barnehagane som deltek i tilsynet

Vedlegg 2:

Oversyn over personane frå kommunen som var direkte involverte i tilsynet

Tabellen under gir oversyn over deltakarane frå kommunen som deltok i opningsmøte, intervju og sluttmøte.

Namn	Funksjon	Opnings- møte	Intervju	Slutt- møte
Bodil Sivertsen	Rådmann	X	X	X
Ingunn Konstali	Barnehagesjef	X	X	X
Else Nilsen	Styrar Kodlidalen barnehage	X	X	X
Jan Frode Bollestad	Styrar Nesjane barnehage	X	X	X
Kari Nybakk Bjørklund	Styrar Fiskebekk barnehage	X	X	X

Frå Fylkesmannen deltok rådgivar Hanne Sørli Ronæss og seniorrådgivar Liv Svendal med sistnemnde som revisjonsleiar.